

O&P Hole

Med denne tittelen går tankane straks til eit føretak innan transport og maskinentreprenørskap i Velledalen. Men rundt 1950 kunne det like gjerne vore ei sportsleg binding.

Bokstavane O og P stod for Olav og Paul. Dei var brør og starta opp «forløparen» til det som i dag er Hole Maskiner AS. I unge år var begge idrettsflinke. Særleg i friidrett og skisport sette dei spor etter seg. Spor som i historisk perspektiv ikkje vert viska ut.

Stor familie. Faren deira, Peter Olsen Hole (f.1887), hadde vore i Amerika. På ein tur heimom gamlelandet traff han Hanna Karlsdtr. Brunstad (f. 1899) frå Toregarden. Det enda med giftarmål (1918) og stor familie. På rekkje og rad kom borna Ottar (f.1918), Solfrid (f.1920), Karl (f.1922), Johanne (f.1924), Olav (f.1927), Paul (f.1929), Bjørg (f.1932) og Bjarne (f.1935). Song og musikk hadde brei plass i familien, men óg idrett.

Kunne blitt amerikanarar. Kva lei livet tek kan ofte vere tilfeldig. Slik også i Øyane. Peter var nemleg fast bestemt på å reise tilbake til Amerika etter giftarmålet, men kona Hanna var ikkje særleg sugen på det. Dermed vart dei verande i Noreg, og slik vart det altså Velledalen IL som fekk nytte godt av sønene sine sportslege anlegg i staden for kanskje ein amerikansk klubb

Opna med bygdarenn. I 1920-åra vart det født svært mange dyktige idrettsfolk i Velledalen. Felles for desse var at dei miste fem år - som kunne vore mellom deira beste – på grunn av krigen (1940-1945). Men samstundes var gløden brennande intens når dei fyrst slapp til. Slik var det overalt, ikkje berre i Velledalen. Like etter krigen vart store bygdarenn i hopp og langrenn ofte den naturlege debuten. Med lagpremiar til beste tremannslag både i hopp og langrenn. Eitt av dei fyrste etterkrigsåra vann Velledalen IL langrennspokalen med trioen Karl, Olav og Paul Hole. Øye-gutane hadde markert seg!

Juniortalent. I desse bygdarenn fekk Paul mykje merksemd som junior. Han hadde eit klart talent og sette ofte seniorane på plass. Men den lange «slåpen» kunne meir enn å gå på ski. Han var knakande god til å springe, særleg 800 og 1500 meter. Det var såleis inga bombe at han vart Velledalen IL sin fyrste KM-vinnar. Distansen var 1500 meter, tida var 4.22.4 og året var 1949. I Sunmørsposten kunne ein lese:

- I juniorklassen merket vi oss også Paul P. Hole som vant 1500 meter, og ble nr.2 på 800 meter og i tresteg på gode resultater.

800-meter tida under KM var 2.04.3, den beste tida vi har funne på han i dei kjeldene vi har hatt tilgang til.

Lokale konkurrentar. Paul var stabil på tider på dette nivået. Under «Ålesundslekene» sprang han 1500 meter på 4.22.3, tidelen betre enn under KM. Den som kom nærast var Johan Strøm frå IL Ringen. Slik såg resultatlista ut:

1500 meter junior:

1. Paul P. Hole, Velledalen IL, 4.22.3
2. Johan Strøm, IL Ringen, 4.25.1
3. Trygve Rørstad, Aksla IL, 4.25.2
4. Per J. Grønningsæter, Norddal IL, 4.26.1
5. Torleiv Hole, Velledalen IL, 4.26.6

På 800 meter under same stemnet vart resultatlista slik:

1. Martin Lindseth, Rollon, 2.02.0
2. Paul P. Hole, Velledalen IL, 2.05.0
3. Johan Strøm, IL Ringen, 2.07.4
4. Trygve Rørstad, Aksla IL, 2.09.0
5. Torleiv Hole, Velledalen IL, 2.09.4
6. Per J. Grønningsæter, Norddal IL, 2.09.5

God attest. Etter eit friidrettsstemne på slutten av 1940-talet stod dette å lese om Paul P. Hole i Sunnmørsposten:

- I juniorklassen viste Paul P. Hole atter en gang at han er et framtidssnavn på denne distansen. Han har den rette viljen og gløden og med et steg i løpet som allereie no er ganske bra.

Paul vart så god at han kom med på Sunnmøre sitt friidrettslag til interkretskamp mot Romsdal og Nordmøre. Han deltok på 1500 meter og i tresteg, med høvesvis femte- og fjerdeplass som resultat. Sjølv om han måtte nøye seg med éin KM-tittel i friidrett, greidde han andre plassar i lengdehopp, tresteg og 800 meter. Med andre ord ein allsidig kar.

Ikkje tapt bak ei hes. Men også broren Olav kunne springe, men helst litt lenger distansar. Han deltok i ein god del terrengløp, og litt på bane. Under baneopninga på Aksla stadion i Ålesund i 1949, stod 3000 meter på programmet. Resultata vart slik:

1. Johan Strøm, IL Ringen, 10.00.9
2. Torleiv Hole, Velledalen IL, 10.01.5
3. Olav P. Hole, Velledalen IL, 10.01.8

Viste tenner i 48. I 40-åra var ikkje skilnaden mellom Olav og Paul særleg stor i langrenn. Paul fekk æra av å slå sin eldre bror fleire gonger. Men under Ørskogrennet i 48 vann Olav klasse B, og Sunnmørsposten skreiv:

- Bemerkelsesverdig innsats gjorde B-løperen, Olav Hole, Velledalen, som vant sin klasse på dagens tredje beste tid.

Men det store **gjennombrotet kom i 1950**, under Landsrennet i Langevåg, og Sunnmørsposten skreiv:

- Publikum hadde så smått begynt å slå seg til ro med at populære Jakob (Kjersem) hadde sikret sin andre distanseseir under Landsrennet. Men her var andre «storkarer» i løypa. Plutselig fikk publikum øye på en svær kar som så ut til å ha et kolossalt hastverk. Nr. 50 lyste det på lang veg, Olav P. Hole, Velledalen. Han suste over mål i fin form, 1.00.39. Resultatet kom som en bombe på publikum og jubelen var stor.

Øye-Olav slo alle. Han vann klasse B under landsrennet i Langevåg og sette samtlege i A-klassa i skuggen. Dermed var han sjølv kvalifisert til å starte i A-klassa sesongen etter.

Innfridde. 1951-sesongen vart ein god sesong for Øye-Olav. Han vann dei fleste lokale renna, og var den beste langrennsløparen på Sunnmøre dette året. Han måtte ut av eigen krins for å få konkurranse. Som broren Paul, vart han pioner. Paul tok som før nemnt VIL sin fyrste KM-tittel i friidrett, Olav tok den fyrste i langrenn. Den kom i 1951, og distansen var 30 km. Velledalen IL vart dette året nummer to i stafett-KM over 4x10 km. Ikkje uventa hadde Olav beste etappetida. Paul gjekk óg på dette laget.

Gjorde det i lag. Dei hadde gjort det kvar for seg, men hadde som eit mål og gjere det i lag. Og det skulle lukkast. Året etter gjekk både O&P på Velledalen IL sitt lag som vann stafett-KM over 4x10 kilometer. Dette var altså i 1952, med Hovdebygda IL som arrangør. Dei to andre på laget var Ole L. Hole og Jon C. Brunstad. Dei to brørne var no godt oppe i 20-åra. Etter kvart vart det meir og meir arbeid og mindre tid til trening. Og det vart familieliv som gjorde fritida dyrebar og vanskeleg å bruke berre på seg sjølv.

Kombinert-KM. Heilt slutt med idrett vart det likevel ikkje. Olav både hoppa og gjekk langrenn, om enn med litt mindre satsing. I 1954 vart han KM-vinnar i kombinert. Ein tittel han óg kneip ti år seinare, i 1964. På 60-talet sat han to år som leiar i Velledalen IL, og han var mellom dei fremste pådrivarane bak gjennomføringa av dei to storrenna i Brunstadbakken i 1962 og 1965. Og som vi har høyrte gjennom fleire av dei andre idrettsminna; han var både skitrenar og transportør til og frå renn.

Olav hadde mykje ugjort på fleire frontar då han så altfor tidleg gjekk bort i 1978. Idrettsmiljøet minnst han med takkemd.

Idrettsmerke og Fjellsæterrunde. Paul spring ikkje 1500 meter lenger. Men han held seg i særst god trivselsform. Han har teke idrettsmerkeprøvene 48 år – mest i Velledalen IL. Han har mønstra på over 30 gonger i trimklassa i Fjellsæterrunden. Han stiller i Konradløpet, Det Store Folkerenet og Koldabakken Grand Prix. I skrivande stund går han i sitt 83. år. Få kan seiast ha levd eit liv i form, i den grad Paul P. Hole har gjort det, og takk Vår Herre for at han aldri vart amerikanar.

PS! Sidan eg her har skriva om O&P Hole, vil eg knyte nokre minne til systra deira, Solfrid. Ho levde i ei tid der kvinneidrett var utenkjeleg, men var likevel brennande engasjert. Solfrid Hole (seinare Ytrehorn) var ei av få – ja, kanskje den einaste – som utan å ha ungar sjølv reiste rundt på skirenn for å heie på andre sine ungar. Eg minnst den dag i dag kor oppmuntrande det kunne vere for ein sliten gutekropp mot slutten av eit skirenn, og høyre dei ivrige heia-ropa til Solfrid. Det gav alltid krefter til ein verdig sluttspurt.

Solfrid likte idrett og ho likte basarar. Ein framifrå støttespelar – for grenda og Velledalen IL.

Gode ord. Avslutningsvis eit vers av Johan Hjorthol som heiter «Etter eit skirenn». Her er nokre av karane i dette idrettsminne omtala i positive ordelag:

«Ja, det var mange som samlast der framme,
vi kika ein del på langrennsprogrammet,
det viste seg då det var kome dygda

både frå Ørskog og Vaksvikbygda.
Ørskog må vere ein fruktbar oase
for folket der er ein merkeleg rase.
I skisport dei alltid er interessert,
og fortare går dei di eldre dei vert.
Arvefienden vår, Langlo-Stranda,
dei hadde i dag berre tre for handa,
men desse grov ikkje stridsøksa ned,
dei kom ikkje der og tenkte på fred.
Der var mange frå indre fjorden,
vi nemner særleg han Gunnar og broren,
for Bjørdalstrioen er ikkje skral,
og i klasse D har dei Karl Dal.
Frå Aure-bygda var óg ein tropp,
i rennet dei stilte så modigt opp.
Ein skal ikkje gje seg, sjå det er tingen,
det same sa Johan Strøm ifrå Ringen.
Her frå dalen gjekk mann av huse,
skitt la gå og la humla suse,
om dei andre kanskje har kvaliteten
skal vi ta prisen på kvantiteten.
Du veit, vi hadde no Olav Hole,
på honom kan vi no alltid stole,
men Velledalen sitt store håp,
det var ein store og lange slåp,
du høyrde sikkert eit fole gaul
for kvar og ein ropte «Heia Paul».